



MØTEBOK – DOVRE KYRKJELEGE RÅD

Møtedato	Møtestad
Tirsdag 23.05.2023 kl. 18.00-22.00	Klukkarhaugen

TIL STADES PÅ MØTET

Med stemmerett:

Dovre sokn: Marit Reidun Bøe Svestad, Anne Brit Roen Eriksen og Helle Hundevadt, Hans Ingvald Hovde.

Dombås sokn: Eli Nytrøen Lyngen, Jomund Endre Angard og Knut Arne Berget.

Kommunerepr.: Knut Nytn.

Med tale- og forslagsrett:

prosjektleder Elin Marit Andgard og fung. kyrkjeverge Steinar Grønn,

Med talerett: Erik Langdalen (sak 37 - 41).

Forfall: Per Anders Håvelsrud, Randi Brennhaug, Paul Skuland

SAKER TIL HANDSAMING

SAK 37/23	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE
SAK 38/23	NYE DOMBÅS KYRKJE - REVIDERT BUDSJETT
SAK 39/23	NYE DOMBÅS KYRKJE - LJOSARMATUR
SAK 40/23	NYE DOMBÅS KYRKJE - VALG AV VEGGFARGER
SAK 41/23	NYE DOMBÅS KYRKJE - UTFORMING SIDESKIP
SAK 42/23	NYE DOMBÅS KYRKJE - STOLAR M.M.
SAK 43/23	NYE DOMBÅS KYRKJE - INNSAMLINGSSAKSJON
SAK 44/23	FLEIRE MEDLEMMAR TIL KYRKJEBLAD-KOMITEEN
SAK 45/23	PROSESS RUNDT ANSETTELSE AV NY SOKNEPREST
SAK 46/23	DOVRE KYRKJELEGE RÅD SI ROLLE I SAKEN OM PRESTEGARDEN
SAK 47/23	RAPPORT OM ARBEIDSMILJØ I STABEN I DKR
SAK 48/23	KIRKELIG ORGANISERING
SAK 49/23	KYRKJEVAL - TID OG STAD FOR FORHANDSRØYSTING
	REFERAT OG ORIENTERING

UNDERSKRIFTER

Vi stadfestar med underskrifta vår at det som er ført under saksnummer 37-49/23 er i samsvar med det som er vedtatt på møtet.

Eli Nytrøen Lyngen
Marit Svestad *Knut Berget*
Jomund Angard *Hans Ingvald Hovde*
Knut Nytn *Anne Britt Roen Eriksen*
Helle Hundevadt

Innkalling: 16. mai 2023.

Hovedutskrift: Dovre kommune v/formannskap og rådmann, prost i Nord-Gudbrandsdal prosti, revisor.

SAK 37/23 NYE DOMBÅS KYRKJE - REVIDERT BUDSJETT

Saksopplysninger:

Saken handler om budsjett for det som Dovre kyrkjelege råd må dekke utover forsikringsoppgjøret.

Økonomi i prosjektet Nye Dombås kyrkje er ei sak som har hatt stor merksemd i rådet og som har vore handsama i fleire saker: Sak 21/20, 25/20, 27/21, 5/22, 16/22, 25/22, 28/22, 30/22, 1/23 og 30/23.

DKR søkte Dovre kommune om investeringsmidler til Dombås kyrkje til tiltak og endringar utover det som forsikringsoppgjøret dekker til, ut frå ynskje om ei meir funksjonell og fleksibel kyrkje. Dovre kommune løyvde 5 millioner kroner.

Opprinneleg budsjett som bakgrunn for søknaden til kommunen:

1.	Utgifter til arkitekt, lyd- og lyskonsulenter	500.000
2.	Automatisk brannslukkeanlegg	2 000.000
3.	Varmeanlegg som er framtidsretta	1 000.000
4.	<u>Bygningsmessige meirkostnader</u>	<u>1 500.000</u>
	Sum	5 000.000 kr

Forslag til revidert budsjett:

1.	Prosjektering byggherre-bestemte endringer	1 603.000
2.	Automatisk slukkeanlegg	1 257.000
3.	Varmeanlegg	1 126.000
4.	Tekniske anlegg for øvrig	1 529.000
5.	Bygningsmessige kostnader	2 393.000
6.	Inventar, utstyr, utsmykning	760.000
7.	<u>Uforutsatt / buffer</u>	<u>232.000</u>
	Sum	8 900.000 kr

Kommentar til post 6:

Lausøyre som piano, salmebøker, konfirmantkapper, blomstervaser osv. blir erstatta ut frå stipulert nypris med fråtrekk for alder/slitasje. I budsjettet er dette satt til kr 0.

To hovudårsaker til at byggherre-kostnadane er vorte større enn budsjettet:

1. Ekstraordinær prisvekst:

I perioda november-2020 og til mai-2023, har det vore 28 % prisvekst i byggekostnader. Dette utgjer at planlagde byggetiltak for 5 millioner kr i 2020 vil kreve om lag 6,4 millioner kroner å utføre nå. Det brukt SSBs indeks for byggearbeid med unntak av jord- og murarbeid, som liknar mest på arbeidet i Dombås kyrkje. Tømrararbeid har enda større vekst. Nye Dombås kyrkje er planlagt ferdig innan utgangen av 2023, og det må takast høgde for noko prisvekst for resterande 8 månad (årleg prisvekst i byggeprosjekt er normalt 3-3,5 %).

2. Uforutsette endringar, fleire naudsynte tiltak:

Som revidert budsjett syner, er det komme fleire uforutsette og naudsynte tiltak som følge av endra planløyising, auka krav m.m. Til dømes må alle bygningsmessige endringar vurderast og kvalitetssikrast av bygningsstatikar.

Grunnlag for foreslått revidert budsjett blir gått gjennom på møtet

Innstilling:

DKR vedtek følgjande revidert budsjett for prosjekt Nye Dombås kyrkje.

Utgifter

1) Prosjektering byggherre-bestemte endringer	1.603.000 kr
a) Arkitekt	1 010.000
b) Lysdesigner	39.000
c) Slukkeanalyse	143.000
d) RIB (bygn.fysiker)	269.000
e) Varmeanlegg	142.000
2) Automatisk slokkeanlegg	1.257.000 kr
3) Varmeanlegg	1.126.000 kr
4) Tekniske anlegg for øvrig	1.529.000 kr
a) Skallsikring, tyverialarm	50.000
b) Brannalarm	532.000
c) El-anlegg, belysning	812.000
d) VVS	25.000
e) Lydanlegg m/teleslynge	110.000
5) Bygningsmessige kostnader	2.393.000 kr
a) Riving pipe m/bærekonstr.	524.000
b) Utforming sideskip	590.000
c) Teknisk rom i kjeller	550.000
d) Utbedring hovedinngang	300.000
e) Ny planløsning/nye krav	429.000
Hulltaking mur gallerivegg, lekting tak, isolering tidligere kaldrom, knevegger, tilpasning til nye trapper, takledning nye trapperom, nytt bjelkelag plan 2, endring konstruksjon til tårntrapp pga. flytting, til gode pga. endring golvkonstruksjon 1. etasje, fleire løpemeter takrenner og snøfanger.	
6) Inventar, utstyr, utsmykning	760.000 kr
AU-utstyr, internett, nye skap i kor og galleri (delvis inkludert i utforming sideskip, punkt 5b), kyrkjebenker, stoler, ombygging alterbord, altertavle, knefall, fargeanalyse, utsmykning altar, kvelv, preikestol og ljostenningstad – budsjettet forutset legatmidler).	
7) Uforutsatt / buffer	232.000

Finansiering:

Sikringsprosjektmidler til alarm	250.000 kr
Gåver og legatmidler til utsmykning	530.000 kr
Fond og trusopplæringsmidler	125.000 kr
Disposisjonsfond	995.000 kr
Kommunalt tilskudd	7 000.000 kr
Sum	8 900.000 kr

DKR søker Dovre kommune om tilleggslyve kr 2 millioner kroner som dekkjer ekstraordinær prisoppgang i perioda og fleire uforutsatte og naudsynte tiltak.

Handsaming:

Rådet meinte at eventuelle legatmidler til utsmykning ikkje kunne budsjetterast med og var også bekymra over å nesten tømme disposisjonsfondet.

Helle Hundevadt fremma forslag:

DKR søker Dovre kommune om tilleggslyve kr 2,5 millioner kroner som dekkjer ekstraordinær prisoppgang i perioda og fleire uforutsatte og naudsynte tiltak.

Vedtak:

Med Hundevadts endringsforslag vart innstillinga einstemmig vedtatt.

SAK 38/23 NYE DOMBÅS KYRKJE - LJOSARMATUR

Saksopplysninger:

Ljosdesigner har lagt fram 2 alternativer til armatur-oppsett. Ingen av dei har med pendel/ljosekrone i korsen og eventuelle lamper/spotter over gallerirekkverk som lyser ned. Forslag fra lysdesigner blir presentert på møtet.

Alt. 1 har fokus på design, materialiteter samt ljuskvalitet.

Alt. 2 er armatur-serie endra der dei er tru mot konseptet, men har fraveke noko på design og materialitet for å komme ned i pris, men jobba mest mogleg for å behandle ljuskvalitet. Skinner på vegg er endra til semi-innfelte spotter høgt på vegg.

Begge alternativ er delt inn i soner og kvar sone kan dimmast kvar for seg.

Alternativ 1: kr 285.483 + mva

Alternativ 2: kr 165.834 + mva

Elektrisk arbeid kjem i tillegg. Alternativ 2 har noko enklare montering.

Ljos i handløper krev også snekkerarbeid med innfresing av spor.

KLP forsikring dekkjer attandeføring av el-anlegg inkl. ljosarmatur slik det var før brannen, stipulert til kr 643.000. Sjå for øvrig sak 37/23 revidert budsjett.

Innstilling:

DKR vedtek alternativ 2.

DKR ber om skisser og kostnad til pendel/ljosekrone for handsaming i juni-møtet.

Vedtak:

Innstilling einstemmig vedtatt.

SAK 39/23 NYE DOMBÅS KYRKJE - VALG AV VEGGFARGER

Saksopplysninger:

Vedlegg:

- Illustrasjonar frå arkitekt

Innstilling:

Saken blir lagt fram utan innstilling.

Handsaming:

Arkitekt tilrår: Original blåfarge på dei same veggane som det var opprinneleg (to veggjar i sideskipa og korveggane).

Eli Nytrøen Lyngen fremma forslag:

DKR vedtek å måle veggane med den original blåfarge på dei same veggane som det var opprinneleg (to veggjar i sideskipa og korveggane).

Lyngens forslag vart einstemmig vedtatt.

Vedtak:

DKR vedtek å måle veggane med den original blåfarge på dei same veggane som det var opprinneleg (to veggjar i sideskipa og korveggane).

SAK 40/23 NYE DOMBÅS KYRKJE - UTFORMING SIDESKIP

Saksopplysninger:

Vedlegg:

- Skisse frå arkitekt

Innstilling:

DKR sluttar seg til foreslått skisse/utforming.

Handsaming:

Hans Ingvald Hovde fremma forslag:

At bjørk blir brukt som materiale.

Med Hovdes tillegg vart innstillinga einstemmig vedtatt.

Vedtak:

DKR vedtek foreslått skisse/utforming og at bjørk blir brukt som materiale.

SAK 41/23 NYE DOMBÅS KYRKJE – STOLAR M.M.

Saksopplysninger:

DKR har vedtatt ei planløsning med stolar i midtpartiet og kyrkjebenker i hovedskip og sideskip.

Det er komme synspunkt på «trebenkane» med tankje på sittekomfort. Ved valg av stolar kan dette ivaretaast på ein betre måte. Stolane må harmonere med kyrkjerommet når det gjeld farger og materialvalg. Samstundes må dei være solid nok, men også lette nok for å enkelt kunne flyttast og stablast. Levetid på stolar vil være kortare enn kyrkjebenkane.

Gamle bilder syner at det tidlegare var stoff på knefallet og kneleskamlane. Arkitekt og prosjektleiar meiner at dette er eit betre alternativ enn skinn med tankje på utforming, fargesval, reinhald og vedlikehald. Og meiner at også brudestolane bør få stofftrekk, ikkje skinn. Mykje tyder på at stolane hadde vove trekk slik som benken opprinneleg. Rådet har tidlegare vedteke at benken blir restaurert med vove trekk som før.

Tidlegare var det lange puter på benkane. Uklart om det vil være behov for og/eller mogleg med puter på dei nye. Lause små-puter er ei betre løysning akustiske sett. Farge og materialet som evt. stoppa sete på stolane.

Innstilling:

DKR vedtek:

- DKR ynskjer stolar med god sittekomfort og ber prosjektleiar for Dombås kyrkje undersøkje alternativer som rådet får til utprøving og avgjersle i juni-møtet. Arkitekt bistår m.a. med drøfting med Riksantikvar og uttale.

- Brudestolar, knefall og kneleskamlar får stofftrekk.
- Arkitekt foreslår farge på stolar og knefall til avgjersle i juni-møtet.
- Når stolar er valde, tek rådet stilling til evt. lause puter inkl. farge

Vedtak:

- DKR ynskjer stolar med god sittekomfort og ber prosjektleiar for Dombås kyrkje undersøkje alternativer som rådet får til utprøving og avgjersle i juni-møtet. Arkitekt bistår m.a. med drøfting med Riksantikvar og uttale.
- Brudestolar, knefall og kneleskamlar får stofftrekk.
- Når stolar er valde, tek rådet stilling til evt. lause puter.
- Arkitekt foreslår farge på tekstilar til putar, stolar og knefall.

SAK 42/23 NYE DOMBÅS KYRKJE - INNSAMLINGSSAKSJON

Saksopplysingar:

Sak 13/23.

Rådsleiar har spurt og fått ja frå fem personer: Steinar Botheim, Randi Brennhaug, Erland Løkken, Per Thoresen, Åse Bentsdal.

Innstilling:

Rådet etablerer ein innsamlingskomitè til Nye Dombås kyrkje med Steinar Botheim (leiar), Randi Brennhaug, Erland Løkken, Per Thoresen, Åse Bentsdal.

Oppgåve, mandat og vilkår

- Komitèen skaffer midlar til Nye Dombås kyrkje.
- Utsmykning av preikestol, fondsvegg, kvelv, ljostenningsstad og produksjon av «Ijosekrone» er fyrste prioritet. Andre innkjøp som ikkje blir dekt av forsikringsoppgjeret er også aktuelt.
- Komitèen står fritt i korleis innsamlinga skjer.
- Om komitèen ynskjer å arrangere konsert(ar), skal rådets kyrkjemusikkutval koblast på og det kan nyttast pengar frå kyrkjemusikkfondet.
- Innsamlingsaksjonen har eige vippsnummer og bankkonto til formålet. Kyrkjekontoret administrere dette og rapporterer resultat til komitè og råd.
- Det blir budsjettert med kr 30.000 til å dekkje annonser, møteutgifter o.l.

Vedtak:

Rådet etablerer ein innsamlingskomitè til Nye Dombås kyrkje med Steinar Botheim (leiar), Randi Brennhaug, Erland Løkken, Per Thoresen, Åse Bentsdal.

Oppgåve, mandat og vilkår

- o Komitèen skaffer midlar til Nye Dombås kyrkje.
- o Midler skal gå til kostnader for utsmykning av Dombås kirke som ikke blir dekt av forsikringsoppgjøret. Prioritering av bruk av de innsamlede midler foretas etter hvert av rådet.
- o Komitèen står fritt i korleis innsamlinga skjer.
- o Om komitèen ynskjer å arrangere konsert(ar), skal rådets kyrkjemusikkutval koblast på og det kan nyttast penger frå kyrkjemusikkfondet.
- o Innsamlingsaksjonen har eige vippsnummer og bankkonto til formålet. Kyrkjekontoret administrere dette og rapporterer resultat til komitè og råd.
- o Det blir budsjettert med kr 30.000 til å dekkje annonser, møteutgifter o.l.

SAK 43/23 FLEIRE MEDLEMMAR I KYRKJEBLAD-KOMITEEN

Saksopplysninger:

Det er behov for å utvide kyrkjeblad-komiteen med ein ekstra medlem. Pr i dag består komiteen av Hans-Jacob Dahl, Helle Hundevadt og Svein Rune Berg, men komiteen opplever at dette er for få. Komiteen har forslag om å spørja følgjande: Christiane Fokstugu, Monica Groven Hjelle, Grethe Skaug Torsteingard. Andre forslag kan stillast i møtet.

Innstilling:

DKR innstiller på å spørre i følgjande rekkefølge:

Vedtak:

Monica Groven Hjelle og Grethe Skaug Torsteingard er uaktuelle til komiteen. Christiane Fokstugu er ikke forespurt enda. Det er ønske om en eller to til. Rådet oppfordres til å bidra og å finne kandidater til komiteen.

SAK 44/23 PROSSESS RUNDT ANSETTELSE AV NY SOKNEPREST

Saksopplysninger:

Det er reist spørsmål rundt informasjon om søknadsprosessen og besøk av kandidat til ny sokneprest i Dovre. Det er komme fram at kandidat til stillinga har vore på omvisning i Dovre saman med prosten utan at leiar for DKR har vore informert.

Innstilling:

Leiar for DKR sender ei tilbakemelding til prosten om at rådet ville sett pris på å vorte informert om besøket, og ville stilt seg til rådvelde viss kandidaten ønskte å helse på

medlemmer av rådet. Staben har også gitt uttrykk for at dei kunne vore til stades for å låsa opp kyrkjene viss kandidaten ønskte å sjå bygga innvendig.

Vedtak

Som innstilling.

SAK 45/23 DOVRE KYRKJELEGE RÅD SI ROLLE I SAKEN OM PRESTEGARDEN

Saksopplysninger:

Etter at kirke og stat skilte lag, bestemte Stortinget at verdiene hos Opplysningsvesenets fond (OVF) skal deles mellom kirken og staten. Det betyr at Den norske kirke nå skal overta 165 prestegardstun og 193 tomter (gravplasser, kirkegrunn og lignende) her i landet fra OVF, og søknader om fradeling går nå ut til flere kommuner.

28. mars behandlet Plan-, nærings og utviklingsutvalget i Dovre fradelingssøknaden fra (OVF). Det ble et enstemmig nei.

«Vedtaket begrunnes med at fradeling vil føre til drifts- og miljømessige ulemper for landbruket, deling vil ikke legge til rette for en tjenlig bruksstruktur i landbruket, og det er heller ikke stor samfunnsnytte som taler for fradeling», heter det.

Vedtaket er hjemlet i jordloven paragraf 9, 1 og 12.

I utgangspunktet er ikke DKR en part i denne saken, men den har likevel stor betydning for bosetning av sokneprest. Spørsmålet er derfor om DKR burde engasjert seg i saken, og kommet med en uttalelse om vårt syn på saken.

Innstilling:

DKR utarbeider et notat som inneholder rådets syn på hvordan framtidig eierstruktur bør være og rådets syn på fradelingssøknaden.

Vedtak:

DKR utarbeider et notat om at prestegarden skal opprettholdes som et selvstendig bruk og som også i framtiden skal være prestebolig. Ta opp en sak om drift og vedlikehold når prestegården står tom.

SAK 46/23 RAPPORT OM ARBEIDSMILJØ I STABEN I DKR

Saksopplysninger:

Konsulentfirmaet Fossekall jobbet i perioden 2021-2022 med stabsutvikling og arbeidsmiljøet sammen med staben i DKR Dovre. Dette arbeidet er nå avsluttet med en rapport. Kirkevergen vil presentere denne.

Innstilling:

DKR tar rapporten til etterretning og merker seg de læringspunktene som ligger i den.

Vedtak:

Som innstilling.

SAK 47/23 KIRKELIG ORGANISERING

Saksopplysninger:

Invitasjon til innspillsmøte/samråd om kirkelig organisering - 5. juni 2023

Leder, eller et annet folkevalgt medlem fra alle menighetsråd og kirkelige fellesråd inviteres til innspillsmøte om kirkelig organisering **mandag 5. juni kl. 1800 - 2030**. Innspillsmøtet gir mulighet til å komme med innspill til bispedømmets kirkemøtorepresentanter om synspunkt på Kirkemøtets saksfremlegg og forslag til vedtak.

Saksfremlegg til Kirkemøtet

Kirkerådsmøtet 24. – 25. mai vil behandle saksfremlegg til Kirkemøtet. Kirkerådets saksdokument vil bli tilgjengelig innen 15. mai: [Saksdokumenter og vedtak - Kirkerådet \(kirken.no\)](#). Her vil også endelig vedtak bli tilgjengelig etter Kirkerådets behandling av saken. Dette vil være utgangspunkt for samtalene på innspillsmøtet.

Bakgrunn kirkelig organisering

Kirkemøtet 2022 sitt prinsippvedtak om kirkelig organisering understreker at "soknets organer må involveres i det videre arbeidet med å følge opp Kirkemøtets prinsippbeslutning.»

Kirkerådet fulgte opp i desember 2022 med en skrittvis behandling av ny organisering. Etter planen skal Kirkemøtet i 2023 gi føringer for videre arbeid med regelverk om folkevalgte som kirkelig styringstjeneste, biskopens tilsyn og ledelse, samt ordning for daglig ledelse. Kirkerådet ba videre om at det organiseres samråd mellom soknets organer og Kirkerådet og mellom soknets organer og bispedømmerådet. Bispedømmets

digitale samrådsmøte 16. mars 2023 samlet skriftlige innspill til Kirkerådets saksforberedende arbeidet fram mot Kirkemøtet i august 2023.

Informasjon om arbeidet med ny organisering: [Kirkelig organisering - Den norske kirke \(kirken.no\)](#)

Påmelding innspillsmøte

Innspillsmøtet gjennomføres digitalt på møteplattformen Zoom. Hver av de påmeldte deltakerne vil få tilsendt en lenke til møtet før møtestart. Det er mulig for flere å samles fysisk lokalt i prostiet for så å delta digitalt sammen. Dette avklares i tilfelle mellom rådslederne i det enkelte prosti.

Møteopplegget er initiert og organisert av Kirkerådet, og er lokalt tilpasset og forankret i et samarbeid mellom Nettverk for fellesrådsledere i Hamar bispedømme og Hamar bispedømmeråd.

Innstilling:

Det legges opp til at en eller flere fra DKR samles den 5. juni kl. 18.00-20.30, følger møtet og legger fram DKR sitt syn på kirkelig organisering.

Vedtak:

Helle Hundevadt sa seg villig til å stille for DKR

SAK 48/23 KYRKJEVAL - TID OG STAD FOR FORHANDSRØYSTING

Saksopplysninger:

Som ved forrige valg søker vi samarbeid og samordning om forhandsrøysting saman med Dovre kommune. På Fredheim må vi ha med to frivillige til å organisere valet.

Innstilling:

Det blir forhandsrøysting på følgende stader og tider:

- Dovre kommunehus, Bådsto frå 10. august i opningstida
- Dombås bibliotek frå 10. august i opningstida
- Fredheim 5. september 09:00 – 13:00.

Vedtak:

Som innstilling.

SAK 49/23 REFERAT OG ORIENTERINGER

Saksopplysninger:

- **Protokoll frå Dovre kyrkjelege råd 11. april 2023.**
- **Orienteringer:**
 - Det blir konsert i Eysteinkyrkja 1. jull
 - Vaktliste for open kyrkje i Eysteinkyrkja er klar, det manglar nokon for å holde Dovre kyrkje ope.
 - Det er tilsett diakonimedarbeider i Dovre
- **Post:**

Innstilling:

Protokollen frå rådsmøtet 11. april er godkjent.
Øvrige orienteringer tatt til etterretning.

Vedtak:

Som innstilling,